



## SAKSFRAMLEGG

Saksnr:	Utval:	Dato
	Formannskap/plan- og økonomiutvalet	

Sakshandsamar:	Arkiv:	ArkivsakID
Åse Elin Myking		22/316

### BARNEHAGEBYGGET PÅ STAMNES - AVKLARING

#### Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

To alternative framlegg til vedtak:

1. Vaksdal kommune overdrar eigedomen til Stamnes idrettslag. Kommunedirektøren får fullmakt til å utarbeide avtale om vilkår slik skissert i saka.
2. Eigedomen vert lag ut for sal.

#### Saksopplysningar:

##### Samandrag/konklusjon (kort om saka)

Idrettslaget på Stamnes har etablert aktivitetshus i det kommunale barnehagebygget på Stamnes. Etter to års drift ynskjer dei å få overta eigedomen. Kommunen har ikkje behov for eigedomen til eigen drift. Alternativet er enten å legge ut eigedomen for sal i marknaden eller at Stamnes idrettslag overtar bygget kostnadsfritt. Kommunedirektøren legg fram to alternativ til vedtak.

##### Bakgrunn for saka

Etter at oppveksttunet på Stamnes vart tatt i bruk har det ikkje vore kommunal drift i tidlegare barnehagebygg i Grupevegen på Stamnes. Bygget har i staden vore brukt til aktivitetshus i regi av Stamnes Idrettslag etter avtale med kommunen, jf FPØ sak 39/21.

Idrettslaget har lukkast med å etablere og drifte aktivitetshuset som eit lågterskel møteplass i bygda. Målgruppa er folk i alle aldra, einslege, familiar, og særleg ung ungdom. Her er eit mangfald av aktivitetar for barn og unge, i tillegg temakveldar, quiz, strikkegruppe, pub m.m. for vaksne. Dei arrangerer kafé og bakeri, og utleige til møter og ulike samankomstar .

Huset er ein møteplass der ein kan treffast i kvardagen og har vorte eit godt trivselstiltak i bygda. Aktivitetshuset passar for 10-30 personar og er eit supplement til faste arrangement og andre tilbod i området. Det vert og nytta i tilknytning til andre arrangement, t.d fiskefestival, 17.mai. Aktivitetshuset er drifta på frivillig basis.

##### Formelt grunnlag

FPØ 39/21

##### Vurdering og konsekvensar

Etter ei tid drift har Stamnes idrettslag vore i dialog med kommunen om å overta huset. Å ha eit aktivitetshus sentralt i bygda vil gje dei føreseielege rammer for drifta. I samband med dette er det utarbeida ein tilstandsrapport og takst for bygget, sjå vedlegg. Taksten er sett til 1 mill kr. I eit møte med arbeidsgruppa i september stadfesta Stamnes Idrettslag at dei ynskjer å overta huset. Dei er kjent med tilstand og takst for bygget. Aktivitetane i huset er avhengige av innsats frå frivillige. Idrettslaget har ikkje økonomi til å kjøpe bygget.

Eigedomen ligg fint til sentralt på Stamnes. Tomten og eventuelt bygget kan utviklast til andre formål, til dømes til bustader. Endra formål vil krevje omregulering.

Kommunen har ikkje behov for eigedomen til eigen drift. Alternativet er enten å legge ut eigedomen for sal i marknaden eller at Stamnes idrettslag overtar bygget kostnadsfritt.

Ettersom eigedomen har eit potensial for utvikling og sal til private, bør det avtalast vilkår om overdraging er aktuelt. Det kan vere vilkår om aktivitet, og kommunen bør ha mogelegheit til å overta eigedomen kostnadsfritt om idrettslaget ynskjer å avhende bygget. Slike vilkår kan tidsavgrensast, til dømes i 10 år.

Kommunedirektøren erfarer at aktivitetshuset har blitt ein sentral møteplass på Stamnes og at dette har stor verdi for bygda. Idrettslaget ser verdien av å ha eit eige hus for aktivitetar tilpassa Stamnesbygda og meiner dette er viktig for å engasjement og rekruttering av frivillige framover. Kommunedirektøren kan tilrå ei overdraging på dei vilkår som er nemnt i saka. Alternativt framlegg er sal av eigedomen.